

OFFENTLEG KUNSTNERISK UTSMYKKING *.(og interessant å lesa for privatoppdrag)*
Mange kommunar (ein skulle ønske det var alle), set av 1- 2 % av byggesummen til kunstnerisk utsmykking.

Kunstnerisk utsmykking er eit eige fagfelt innan biletkunst.

Biletkunstnarar med fagutdanning og organisert i KORO sitt konsulent register kan vera kunstneriske konsulentar i ein utsmykkingskomite.

Komiteen blir nedsatt for å planlegg og kvalitetssikre utsmykkingen.

Ønsker ein som kommune å bli tildelt midlar frå KORO må ein ta kontakt med denne organisasjonen som formidlar konsulentoppdrag og midlar til utsmykking i offentlig rom.

Lenke: <https://koro.no/om/koro/>

UTSMYKKINGSKOMITE.

Representantar for bruker, byggherre, arkitekt/ interiørarkitekt/landskapsarkitekt, oppdragsgivar/ eigar, kunstnerisk konsulent.

Mange kommunar som ikkje ønsker bruke KORO sløyfar kunstnerisk konsulent.

Det er då viktig å bruke fagkompetansen til den kunstnaren som blir valgt og ha ein god dialog med prosjektleiinga i prosessen frå planlegging til montering.

Er bygget ferdigstilt, blir den saken enklare. Men kontrakt, planlegging og prosedyrer gjeld som ellers for eit bygg under oppføring.

Kunstnarar som har arbeid med større utsmykkingsoppdrag, har solid fagkompetanse angående visuell utforming i eit miljø, formidling av idear, og tenkning kring kunstneriske uttrykk og teknisk kunnskap om ulike utføringar som er moglege å vurdere i ein gitt samanheng.

Det er viktig at kunstnaren får handlingsrom og informasjon nok på førehand - tid nok til å vurdere uttrykk og teknikk - fastsett budsjett på førehand - tidsrammer - informasjon om endringar som vil oppstå i arealet tildelt for utsmykking m.m.

*Budsjett er viktig - ein må vite kva oppdragsgiver vil bruke på heile prosjektet - inklusive alle ledd - **før** ein set igang med planlegging.*

Kunstnaren vil presentere skisseforslag - diskutere dei med oppdragsgivar - og gjere endringar utfrå estetiske og idemessige vurderingar og innspel - og tekniske løysingar. Det endeleg utkastet må godkjennast før produksjon.

I ein utsmykkingskomite med kunstnerisk konsulent er konsulenten leiar for komiteen og skriv referat. Komiteen sitt arbeid:

- 1)** Komiteen vurderer arealet og finn stader egna for utsmykking.
- 2)** Kunstnerisk konsulent skriv ein prosjektbeskrivelse, med grunngjeving for vurderingar og valg av stad(er) for utsmykking.
Denne blir godkjend av KORO, eller oppdragsgivar før ein går vidare.

- 3) Komiteen vel kunstnar;
 - ein kan utlyse åpen prekvalifisering
 - ein kan invitere til åpen eller lukka konkurranse (honorar i lukka konkurranse)
 - ein vel ein kunstnar direkte, basert på uttrykk og erfaring til denne kunstnaren
- 4) Kunstnerisk konsulent er mellomledd mellom komiteen og kunstnar og formidlar spørsmål og interesser.
- 5) Utsmykkingskomiteen følger med på framdrifta av kunstnaren sitt arbeid. Komiteen vil etter montering ta befaring og godkjenne arbeidet. Er det feil eller manglar må dei korrigerast etter avtale.

KONTRAKT OG UTSMYKKINGS BELØP.

UTSMYKKINGSBELØP.

Utsmykkingsbeløpet blir til vanleg utbetalt i 3 delar.

1) ved kontraktsinngåing

når utførande kunstnar er vald, og denne har fått eit klart oppdrag å forhalde seg til, kvar utsmykkingen skal vera, tidsrom, budsjett, andre forhold klarlagt.

2) når det ferdige utkast er godkjend

med klar visuell framstilling, budsjett, tekniske spesifikasjonar, materialprøver

3) når utsmykkingen er montert og godkjend

etter befaring av utsmykkingskomiteen

KONTRAKT.

Det er viktig å skrive kontrakt. Da veit alle partar kva dei har å forhalde seg til. KORO sin standard kontrakt er eit godt utgangspunkt.

2 kontraktsmodellar:

A.

Utførande kunstnar disponerer heile beløpet.

Oftast disponerer kunstnaren heile utsmykkingsbeløpet og vurderer betaling for utføring av eksterne bedrifter og montering m.m. og sitt eige honorar/betalt arbeidstid inn i heile regnskapet.

Offentleg kunstnerisk utsmykking skal gi kunstnaren betalt for det arbeidet han eller ho utfører i alle ledd; skisser, planlegging, prosjektering, utføring og montering.

B.

Todelt kontrakt.

Etter at prosjektering er ferdig kan ein og sette opp ein todelt kontrakt der kunstnaren får ein honorardel, og oppdragsgivar betaler tekniske utføringar og montering.

Oppdragsgivar vil få att MVA på sine utlegg. Kunstnaren er ikkje MVA pliktig og får ikkje refundert sine MVA utlegg på ekstern produksjon. Det er då og mogeleg for oppdragsgivar å bruke sine interne kontakter, bedrifter som allereie er engagert i byggeprosessen i produksjon/montering.

I denne kontraktsmodellen er det viktig å klargjere ansvarsforhold.

Er det spørsmål til denne informasjonen kontakt meg: nerol.gunnveig@gmail.com
mobil: 902 82 481